




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ålesund vgs

Årsmelding skoleåret 2022-23



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	3
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	3
2.3 Inntak vg1 - føresetnader	6
3. Læringsmiljø	8
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	8
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	9
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	11
4. Skoleårsresultat	13
4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring	13
4.2 Karaktersnitt	15
4.3 Fråvær	16
4.4 Elevar som har slutta	17
4.5 Overgangar	18
5. Leiing og profesjonsutvikling	22

1. Rektor har ordet

Skoleåret 2022–2023 var vårt andre etter samanslåinga av gamle Ålesund vgs og gamle Fagerlia vgs. Vi har tatt høgde for at dette omfattande endringsarbeidet vil ta mange år. Nye Ålesund vgs er framleis i tidleg fase av prosessen.

Samtidig har vi erfart ei god utvikling på fleire område: Her er ei veksande erkjenning rundt fusjonsprosessen og kva den inneber; vi har kome langt i å implementere den nye skoleadministrative plattformen Visma InSchool, og det er meir ro rundt dette; eleven si gjennomføring er igjen på over 90 %; og vi har vi hatt eit skoleår utan koronatiltak.

Ålesund vgs er ein kombinert skole med eit stort mangfald av utdanningsprogram. Vi ser på dette mangfaldet som ein særskild kvalitet ved skolen. At tilboda er spreidde på fleire lokalitetar gjer det derimot utfordrande å hente ut synergiane og det fulle potensialet som ligg i mangfaldet, samt andre moglege stordriftsfordelar.

Skoleåret 2022–2023 var det første der dei vidaregåande skolane i Ålesund, i samarbeid med Ålesund kommune, kommuneoverlegen og Politiet m.fl. gjekk saman om ein koordinert innsats med mål om ei trygg og god russetid. Det er vanskeleg å måle effekten av innsatsen, men vi erfarte at merkbart færre rapporterte om negative opplevingar.

I kva grad vi lukkast med kjerneoppgåvene våre blir m.a. målt i Elevundersøkinga. Undersøkinga bruker vi for det første som ei bevisstgjering inn mot elevar og pedagogisk personale på kva parametrar vi blir målt på, ergo kva som skal kjenneteikne opplæringa, og dernest bruker vi resultatane i prosessen med å utarbeide neste års handlingsplan.

Med utgangspunkt i erfaringar og resultat frå skoleåret 2022–2023 vil vi halde fram arbeidet med å realisere Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring, samt dei langsiktige måla for skolen, med desse fire overordna måla for perioden 2023–2026: 1) Fleire primærskular enn elevplassar ved alle tilbod; 2) Høg grad av elevgjennomføring (92 %); 3) Høg grad av relevans, elevmedverknad og meistring i opplæringa; 4) Høg grad av trivsel, tilhøyrse, tillit og samarbeid i alle delar av organisasjonen.


2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	176,5
Tal på årsverk i leiarstillingar	17
Tal på årsverk andre tilsette	21,7

Av 232 tilsette er 61 % kvinner og 39 % menn. Etersom administrativt personale er 100 % kvinner, er kjønnsdelinga noko meir balansert i det pedagogiske personalet. I leiargruppa er 59 % kvinner.

Leiinga er organisert i tre nivå, med rektor, to assisterande rektorar, og 11 pedagogiske avdelingsleiarar. I tillegg har vi to stabsleiarar og ein kvalitetsleiar.



Figur 1 Organisasjonskart Ålesund vgs

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Vg4	Total
Helse- og oppvekstfag	54	82			136
Idrettsfag	49	48	46		143

Informasjonsteknologi og medieproduksjon	11	9			20
Kunst, design og arkitektur	27	21	19		67
Musikk, dans og drama	45	51	46		142
Naturbruk	28	23			51
Påbygging til generell studiekomp.			103		103
Sal, service og reiseliv	19	21			40
Studiespesialisering	175	191	176	23	565
Teknologi- og industrifag	45	75			120
Total					1397

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	37
---	----

2.2.1 Lokalisering av tilbod

I prosessen med å samle alt av ST ved lokaliteten Fagerlia erfarte vi dette skoleåret at det blei trengt i Fagerlia. Allereie hadde vi samla alle Påbygg-klassane ved Latinskolen, utan at dette fullt ut løyste plassproblema. Det var på det reine at meir måtte ut frå Fagerlia, samtidig som det var plass til fleire på Volsdalsberga.

Etter ein prosess konkluderte vi med å flytte Helse- og oppvekstfag til Volsdalsberga fom. skoleåret 2023-2024, når alt av ST ville vere samla i Fagerlia.

2.2.2 Fleksibilitet, attraktivitet og utvikling

Skolen ønskjer å vere fleksibel i forhold til tilbod og klassetal, og erfarer god dialog med inntaksseksjonen på dette. Samtidig gir det utfordringar i bemanningsplanlegginga når vi ut på våren blir utfordra til å ta i mot ekstraklassar. Når vi har sett at søkinga og det reelle klassetalet over tid ikkje er i samsvar med Fylkesstrategi for tilbod, har vi derfor foreslått eller vore positive til forslag om endringar i dimensjoneringa av tilbod i strategien.

Vi har dei siste åra erfart relativ vekst i søkinga til Helse- og oppvekstfag (HO), men med ein nedgang i talet på primærsøkjarar til Vg1 på 22 % skoleåret 2022–2023 i forhold til året før (frå 85 til 67). Trenden er nasjonal, og vi jobbar målretta for å snu dette. Behovet for kompetansen i regionen er stor.

Naturbruk (NA) har erfart svært stor vekst i søkinga til Vg1 frå 19 primærsøkjarar i 2016–2017 til 77 i 2022–2023. Tilgangen på praksisplassar hindrar oss i å ta inn fleire elevar enn dei 28 som er kapasiteten jf. Fylkesstrategi for tilbod.

Teknologi- og industrifag (TI) har erfart svingingar i søkinga dei siste ti åra, med eit kritisk botnnivå på 6 primærsøkjarar til Vg1 i 2018–2019 til 43 i 2022–2023. Til maritime fag Vg2 har vi ei stor oversøking med 103 til 75 elevplassar (5 klassar).

Sal, service og reiseliv (SR) har ikkje fått det same oppsvinget i attraktivitet, etter ein nedgang fom. skoleåret 2020–2021. Vi trur at tiltaket med å få fleire tilbod og elevar til Volsdalsberga også vil verke positivt for søkinga til SR. Vi har god tilgang på praksisplassar, og behov for kompetansen i regionen.

Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM) har også eit større potensial enn kva søkinga tilseier. Når vi no startar Medieproduksjon Vg2, i tillegg til Informasjonsteknologi Vg2, er ambisjonen å ha søking til Vg1 tilsvarande summen av elevplassar på Vg2.

Blant dei studieførebuande tilboda er søkinga til Idrettsfag (ID) i særklasse. Det er dei små klasseromma på Latinskolen, samt treningsforholda, som har gjort det nødvendig med tak på 25 elevar per klasse. Det var også skoleåret 2022–2023 to parallellar på ID, før vi til skoleåret 2023–2024 tok inn ein tredje parallell på Vg1.

Det er elles svært gledeleg å sjå at Kunst, design og arkitektur (KD) har hatt ei jamn auke i søkinga dei siste åra, og starta med full klasse på Vg1 skoleåret 2022–2023.

For Musikk, dans og drama (MD) er det tilfredsstillande søking til musikk. Det bør vere meir å gå på for drama, og definitivt plass til fleire på dans. Skolen vil ha eit særleg fokus på rekruttering til dans framover.

Vi har sju parallellar per trinn på Studiespesialisering (ST). Dette inkluderer ST med toppidrett (ST over fire år), ST internasjonal og ST forskar. Søkinga har til no legitimert denne dimensjoneringa. Samtidig ser vi at konsekvensen av auka søking til yrkesfaga betyr noko nedgang i talet på primærsøklarar til ST, og eit anna elevgrunnlag.

2.3 Inntak vg1 – føresetnader

2.3.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen

	2021-22	2022-23	Fylket 2022-23
0 eller ingen	(manglar data)	1,5 %	2,9%
0 - 25	(manglar data)	0,8 %	1,3%
25 - 30	(manglar data)	2,2 %	3,8%
30 - 35	(manglar data)	6,0 %	9,6%
35 - 40	(manglar data)	12,0 %	15,2%
40 - 45	(manglar data)	21,8 %	22,4%
45 - 50	(manglar data)	28,2 %	23,3%
Over 50	(manglar data)	27,6 %	21,4%

2.3.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ålesund vgs	42,7	43,0	43,9	44,5	45,1
Fylket	41,5	41,8	42,4	42,9	43,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Den gjennomsnittlege karakterpoengsummen frå grunnskolen har vore jamt stigande over mange år, fram til 45,1 ved inntak til skoleåret 2022-23. Vi ser at dette har fått, eller vil kunne få konsekvensar på fleire måtar.


Styrka føresetnader vil for det første kunne bidra til å styrke resultat og gjennomføring. Samtidig er det mange andre faktorar som spelar inn på resultat og gjennomføring. Det er til dømes ingen nødvendig samanheng mellom føresetnader og motivasjon. Ved Ålesund vgs har vi sett at gjennomføringa over tid har vore stigande, men med nokre nedgangar. Vi kan soleis ikkje slå fast at her er ein nødvendig samanheng mellom styrka føresetnader og gjennomføring.

Det høge karaktersnittet vil på den andre sida kunne vere eit hinder for enkeltelevar å kome inn på det løpet som dei er motivert for. Dette er t.d. situasjonen for ein del elevar som ikkje får plass på Naturbruk.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga



Figur 2 Resultat Vg1

Vi erfarer frå år til år, både i korte og lengre perspektiv, at resultatene i Elevundersøkinga ikkje aleine gir eit godt grunnlag for å måle kvaliteten på opplæringa. Grunnen til dette kan m.a. vere desse faktorane:

1. Deltakingsprosenten hos oss har ikkje vore tilfredsstillande etter samanslåinga.
2. Undersøkinga er lang, og det kan vere utmattande for elevane å halde ut og svare godt gjennom alle spørsmåla.
3. I motsetnad til Undervisningsevalueringa, der elevane kan konsentrere seg om å gi tilbakemelding på eitt fag og ein lærar, må elevane her svare ut i frå summen av kva dei erfarer med alle lærarane dei har. Svara blir dermed vanskelegare både å lese, adressere og ha tiltak for å betre.

Samtidig er undersøkinga den einaste vi har felles nasjonalt, og vi legg stor vekt på både å førebu og motivere lærarar og elevar og soleis få ein høg deltakingsprosent og gjennomtenkte svar, og å tolke og bruke resultatata i utviklinga av skolen.

I samleoversikta for Vg1-resultat i Elevundersøkinga ser vi noko nedgang frå 2021-2022 til 2022-2023 for eit fleirtal av kvalitetsområda. For to område er det oppgang og for to område er det ikkje endring. Historiske data og soleis eit lengre perspektiv har vi enda ikkje i den samanslåtte skolen.

For oss er samanlikning med fylkesgjennomsnitt og landsgjennomsnitt særleg interessant, i tillegg til samanlikning med oss sjølve. Vi ser at vi på fleire område ligg eit lite knepp under fylkesgjennomsnittet, og analyserer dette nærmare område for område så langt det lar seg gjere, jf. punkt 3 ovanfor.

Det viktigaste med Elevundersøkinga meiner vi er å bruke kvalitetsområda som ei bevisstgjering inn mot elevar og pedagogisk personale på kva parametrar vi blir målt på, ergo kva som skal kjenneteikne opplæringa. Dernest bruker vi undersøkinga til resultatmåling innan ulike innsatsområde, og som grunnlag i prosessen med å utarbeide neste års handlingsplan.

Mellom anna på bakgrunn av resultat i Elevundersøkinga har vurdering vore eit prioritert strategiområde i skolens handlingsplan dei to første skoleåra i den samanslåtte skolen. Vurderingspraksis held derfor også fram som satsingsområde i den nye handlingsplanen gjeldande for perioden 2023-2026.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	2

Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

3.2.1 Læringsmiljøsaker

For ein skole med 1400 elevar er det grunn til å kommentere at vi dette skoleåret berre har hatt to aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova.

Vi har mange læringsmiljøsaker. Det handlar i stor grad om det jamne arbeidet med eit trygt og godt skolemiljø, dels førebyggjande og dels arbeid med saker i tidleg fase. Elevtenesta er tett kopla på kontaktlærarane, som får råd og hjelp til å handtere enkeltelevar og utfordringar med elevgrupper, situasjonar og flokar. Rektor er godt orientert om saker og situasjonar som det blir prioritert å jobbe ekstra med. Dette gode arbeidet i tidleg fase er ei viktig forklaring på kvifor det ikkje har vore nødvendig med fleire aktivitetsplanar.

Samtidig er vi kjende med at det kan vere noko ulik praksis ved ulike skolar for kva som blir definert som ei § 9A-sak, og/eller når det er behov for ein aktivitetsplan.

3.2.2 Skolens handlingsplan

I skolens handlingsplan for 2022-2023 er læringsmiljø det viktigaste utviklings-området, med "trivsel og livsmeistring" som eitt av strategiområda. Målet er at "alle elevar kjenner seg inkluderte sosialt, kulturelt og fagleg".

Ei særskild satsing på kontaktlærarrolla, også ved tildeling av ekstra ressurs (etter drøfting i OD-møtet), var eitt av tiltaka.

Skolen har også ein sosialpedagogisk rådgjevar, som støttar kontaktlærarane. Ho besøkjer også klassar med opplegg, og ikkje minst er ho samtalepartnar for elevar. Vi

erfarer at denne rolla utfyller og kjem som ein ekstraressurs i tillegg til det uvurderleg viktige arbeidet som skolehelsetenesta gjer frå dag til dag.

Kurs i regi av Korus om rusproblematikk for alle tilsette var eit anna konkret tiltak innan strategiområdet trivsel og livsmeistring.

Til sist tar vi med at skolens innsatsteam mot mobbing (SIM) var operativt skoleåret 2022-2023, og hadde to møte, i tillegg til kompetansehevingsseminar. Ved ein stor skole erfarer vi at SIM må jobbe litt annleis, meir på overordna systemnivå enn ved mindre skolar. I tillegg har vi gitt råd i konkrete saker.

Vi erkjenner at vi har langt igjen for å nå målet i skolens handlingsplan om at "alle elevar kjenner seg inkluderte sosialt, kulturelt og fagleg". Ikkje minst har vi skoleåret 2022-2023 erfart avstand mellom ambisjonar og realitetar i arbeidet med å inkludere elevar med særskilde tilretteleggingsbehov. På avdelinga ITO (individuell tilrettelagd opplæring) har vi 20 elevar med ulike utfordringar og tilretteleggingsbehov. Vi har ambisjonar om at fleire av desse i større grad skal erfare samspel med fulltidselevar ved relevante utdanningsprogram.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	Fleire enn 15
Møter i skolemiljøutval	3
Møter i skoleutval	0

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Nei

3.3.1 Samarbeidsorgana

Ved Ålesund vgs har tre elevråd, eitt per lokalitet. I tillegg har vi eit hovudstyre, med dei tre elevrådsleiarane. Dette skoleåret hadde elevråda den eine rådgjevaren som kontaktperson. Elevrådsmøte var dels med kontaktperson til stades, og dels utan. I tillegg hadde hovudstyret møte med rektor. Nøyaktig kor mange elevrådsmøte det var ved skolen dette skoleåret har vi derfor ikkje kontroll på.

I skolemiljøutvalet møtte dei same tre elevrådsleiarane. Skoleutvalet var innaktivt dei to første skoleåra som samanslått skole.

3.3.2 Medverknad utover samarbeidsorgana

Alle elevane skal ha høve til å delta i Elevundersøkinga. Deltakingsprosenten frå år til år viser likevel at potensialet for deltaking er større. Deltakinga er naturleg større i Undervisningsevalueringa, som er kopla opp mot fag og enkeltlærarar.

Den viktigaste arenaen for elevmedverknad meiner vi er knytt direkte til opplæringa. Elevundersøkinga og Undervisningsevalueringa måler også dette, i kva grad elevane deltar i planlegginga av opplæringa og i vurderingsarbeidet.

Elevundersøkinga viser over tid at trass målretta innsats har vi fått lite endringar i resultat. Tendensen er den same både i fylkeskommunen og i heile landet. Sjølv om vi erfarer at elevane over tid har fått større medverknad også i undervisninga, vil vi halde fram arbeidet med å styrke dette framover.

Om vi erkjenner at eleven er den viktigaste ressursen i skolen er potensialet mykje større enn kva vi per i dag klarer å hente ut av elevmedverknad.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2022-23, prosent	90,8 %
--	--------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Helse- og oppvekstfag	87,0%	91,5%		89,7%
Idrettsfag	100%	93,8%	97,8%	97,2%
Informasjonsteknologi og medieproduksjon	81,8%	100%		90,0%
Kunst, design og arkitektur	92,6%	85,7%	78,9%	86,6%
Musikk, dans og drama	95,6%	96,1%	100%	97,2%
Naturbruk	85,7%	95,7%		90,2%
Påbygging til generell studiekompetanse				73,8%
Sal, service og reiseliv	47,4%	76,2%		62,5%
Studiespesialisering	92,0%	94,2%	93,8%	93,3%
Teknologi- og industrifag	82,2%	97,3%		91,7%
Total				90,8%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ålesund vgs	90,1%	91,1%	92,3%	89,5%	90,8%
Fylket	87,9%	91,2%	91,4%	89,6%	87,9%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Før skolesamanslåinga hadde begge dei tidlegare skolane over mange år hatt ei god utvikling av elevens gjennomføring. Begge skolane var blant dei beste i fylket, og dermed i landet.

Første året som samanslått skole erfarte vi at gjennomføringa gjekk tydeleg ned. Årsakene til dette kan vere utslag av korona og andre faktorar, men vi erfarer i 2022–2023 at gjennomføringa igjen er på over 90 %. Det er gledeleg.

Målet for skoleåret var 92 %.

Om vi ser nærmare på utdanningsprogramma er det jamt bra. At det desidert største utdanningsprogrammet vårt ST, med rundt 600 elevar, ligg på heile 93,3 %, meiner vi er eit godt resultat.

ID har over mange år hatt gjennomføring på mellom 96 % og 100 %. Det handlar mykje om motiverte elevar, som har idretten sin på timeplanen. Og det handlar om engasjerte lærarar med motivasjon både for faga og elevane. At tilbodet er særst godt søkt, og at elevføresetnadene er gode, bidrar sjølvsagt til den sterke gjennomføringa.

For skoleåret 2022–2023 ser vi at også MDD ligg på same prosent som ID, med 97,2 %. Dei historiske tala viser er god utvikling. Det er særst gledeleg.

Sal, service og reiseliv skil seg ut i andre enden av skalaen, med 62,5 %, og skolen har eit særleg fokus på å betre dette. Gjennomføringa heng nøye saman med at tilbodet har vore inne i ei fase med færre primærsøkjarar og svakare elevføresetnader.

Når PB ligg på 73,8 % er det ei gjennomføring som er tilfredsstillande med tanke på varierende motivasjon og elevføresetnader.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt 2022-2023	Karaktersnitt 2021-2022	Karaktersnitt 2020-2021
Helse- og oppvekstfag	4,19	4,29	4,39
Idrettsfag	4,51	4,15	4,48
Informasjonsteknologi og medieproduksjon	4,15	4,26	4,33
Kunst, design og arkitektur	4,18	4,07	4,01
Musikk, dans og drama	4,58	4,40	4,44
Naturbruk	4,79	4,30	4,27
Påbygging til generell studiekompetanse	3,73	3,55 (PB vg3)	3,58
Sal, service og reiseliv	4,10	3,88	4,24
Studiespesialisering	4,41	4,53	4,54
Teknologi- og industrifag	4,08	3,95	3,67

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ålesund vgs	Manglar pga. fusjon	Manglar pga. fusjon	4,33	4,34	4,33
Fylket	4,10	4,22	4,26	4,24	4,20

4.2.3 Skolen sine kommentarer og analyse

Karaktersnittet samla og per studieprogram er lite endra frå sist skoleår. Vi har tatt med data også frå 2020-2021 (før skolesamanslåinga), med usikre tal for ST.

Vi legg særleg merke til at NA og TI har styrka karaktersnittet med 0,5 og 0,4 karakterpoeng på to skoleår. Det heng truleg saman med styrka elevføresetnader.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	6,2	22,3	5,8%
Vg1	6,5	21,2	5,8%
Vg2	5,0	21,2	5,0%
Vg3	7,1	25,2	6,9%
Vg4	12,5	18,4	8,9%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ålesund vgs	4,8%	3,6%	3,0%	2,7%	5,8%
Fylket	4,8%	3,5%	2,5%	2,7%	6,6%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet blei meir enn dobla frå 2021-2022 til 2022-2023. Gjennomsnittet i fylkeskommunen er enda større.

Forklaringa er å finne i at fråværgrensa blei gjennomført i 2022-2023, og at koronagenerasjonen pådrog seg noko meir fråvær enn dei som var elevar før korona. Vi går ikkje nærmare inn på analyser av dette fenomenet i denne rapporten.

Vi gjer merksam på at fråværsprosenten for skoleåra 2018–2019 til 2020–2021 er tal frå gamle Ålesund vgs. Dette på grunn av manglande samanstilte data frå skolane.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2022–23

Prosent	Tal
3,2%	44

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2018–19	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Ålesund vgs	Manglar data	Manglar data	1,6%	2,5%	3,2%
Fylket	3,0%	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Tal på elevar som har slutta ved Ålesund vgs dei tre siste åra går frå å ligge ca. 0,5 % under til å ligge 0,1 % over prosenten for fylkeskommunen. Ergo er det lite som skil.

Vi gjer merksam på at prosenten for 2020–2021 tilhøyrrer gamle Ålesund vgs, før fusjonen.

Vi er opptatt av å finne årsakene til at elevar sluttar. Vi har eit godt bilde av dette, og årsakene er samansette og mangfaldige.

I skolens handlingsplan for neste periode heiter det at “Ingen elevar sluttar som følgje av manglande fagleg og sosial inkludering”. Vi håper å kunne kome tilbake i neste årsmelding og rapportere om høg grad av måloppnåing.

4.5 Overgangar

Vi jobbar med å skape gode overgangar i mange retningar og på mange arenaer.

4.5.1 Ungdomsskole til vidaregåande

Overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande skole er stor og viktig for kvar enkelt elev. For første gong har dei tatt eit eige retningsval, og dei skal inn i eit nytt, meir mangfaldig og gjerne større skolemiljø.

Dette gjer vi for å sikre ein god og trygg overgang:

1. God informasjon om tilboda til elevar på 10. trinn og deira føresette under karrieredagen, ved hospitering, og på "open dag".
2. Rådgjevarlunsj for rådgjevarane ved alle ungdomsskolane i regionen.
3. Overføringsmøte gjeldande elevar med særskilde behov.
4. Møte med enkeltelevar med særskilde behov, og deira føresette, før skolestart.
5. Fokus på trygg skolestart gjennom relasjonsbygging i elevgruppene på Vg1, mellom anna ved hjelp av programmet VIP Makkerskap.
6. Tidleg foreldremøte på Vg1 (første veka).

4.5.2 Yrkesfagleg progresjon

Frå Vg1 til Vg2 finn vi denne progresjonen per yrkesfagleg utdanningsprogram, med eit gjennomsnitt på 82,2 %:

- NA: 96,4 %
- HS: 87,0 %
- TI: 80,0 %
- IM: 72,7 %
- SR: 57,9 %

Elevar som ikkje gjekk vidare til Vg2 har enten slutta, starta på eit anna tilbod, skifta skole, ikkje blitt vurdert som kvalifisert til vidare opptak, eller tatt Vg1 over to år.

Vurderinga vår er at progresjonen på dei yrkesfaglege tilboda var svært god på NA, og god på HS og TI. På IM, med berre 11 elevar fekk det store utslag når to elevar slutta, og på SR var det for mange som ikkje gjekk vidare. Det siste meiner vi heng saman med føresetnader og motivasjon. Frå Vg1 til Vg2 finn vi denne progresjonen per studieførebuande utdanningsprogram, med eit gjennomsnitt på 94,6 %:

- ID: 100,0 %
- ST: 94,9 %
- MD: 93,3 %
- KD: 85,2 %

Frå Vg2 til Vg3 finn vi denne progresjonen per studieførebuande utdanningsprogram, med eit gjennomsnitt på 97,7 %:

- ST: 99,0 %
- ID: 97,9 %
- MD: 96,1 %
- KD: 90,5 %

Elevar som ikkje gjekk vidare til neste trinn har enten slutta, starta på eit anna tilbod, skifta skole, ikkje blitt vurdert som kvalifisert til vidare opptak, eller tatt opplæringa over fleire år.

Vurderinga vår er at progresjonen på dei studieførebuande tilboda var svært god.

4.5.3 Studieførebuande progresjon

Frå Vg1 til Vg2 finn vi denne progresjonen per studieførebuande utdanningsprogram, med eit gjennomsnitt på 94,6 %:

- ID: 100,0 %
- ST: 94,9 %
- MD: 93,3 %
- KD: 85,2 %

Frå Vg2 til Vg3 finn vi denne progresjonen per studieførebuande utdanningsprogram, med eit gjennomsnitt på 97,7 %:

- ST: 99,0 %
- ID: 97,9 %
- MD: 96,1 %
- KD: 90,5 %

Elevar som ikkje gjekk vidare til neste trinn har enten slutta, starta på eit anna tilbod, skifta skole, ikkje blitt vurdert som kvalifisert til vidare opptak, eller tatt opplæringa over fleire år.

Vurderinga vår er at progresjonen på dei studieførebuande tilboda var svært god.

4.5.4 Yrkesfag Vg2 til læreplass eller påbygg

Frå Vg2 til læreplass finn vi denne progresjonen per utdanningsprogram, med eit gjennomsnitt på 61,9 %:

- IM: 88,9 %
- NA: 95,7 %
- TI: 85,3 %
- SR: 42,9 %
- HS: 32,9 %

Det mest interessante her, sjølv om situasjonen ikkje er ny og soleis ikkje overraskande, er at berre 32,9 % av elevane på HO gjekk vidare til læreplass.

Majoriteten av elevane på HO finn vi igjen i oversikta som viser progresjonen frå Vg2 til Påbygging til generell studiekompetanse, med eit gjennomsnitt på 23,8 %:

- HS: 53,7 %
- SR: 14,3 %
- IM: 11,0 %
- TI: 2,7 %
- NA: 0 %

Elevar som verken gjekk vidare til læreplass eller påbygg har enten slutta, starta på eit anna tilbod, ikkje fullført og bestått, eller tatt opplæringa over fleire år.

4.5.5 Situasjonen på Helse- og oppvekstfag

Vi finn grunn til særskild å dele nokre refleksjonar og vurderingar rundt situasjonen på HO. På den eine sida er det eit stort behov for folk med fagbrev i arbeidslivet, og på den andre sida vel over halvparten av elevane heller å ta Påbygg.

Trenden synest å vere at fleire vel høgare utdanning, og her kjem nokre innspel og refleksjonar knyt til situasjonen:

1. Burde tilgangen på læreplassar vore større? Særleg relevant problemstilling for barne- og ungdomsarbeidarfaget. Skolen oppmodar kommunen og opplæringskontora til å jobbe med saka.
2. Blir fagbrevet tilstrekkeleg framsnakka? Opplæringskontora og andre instansar må selje inn fagbrevet ved skolebesøk og i dialog med elevgruppa. Like eins må rådgjevarar og faglærarar ved skolane framsnakke fagbrevet.
3. Er nålauget for trangt? Vi har opplevd at nederlaget ved ikkje å bli vurdert som god nok for læretid kan vere tøft, og at elevar kan frykte dette.
4. Er læretida for lang? Burde det vore mogleg å gjennomføre på 1 år?
5. Samtidig meiner vi at HO (og andre yrkesfag) gir uvurderleg og relevant kompetanse og ballast også for dei som vel Påbygg og deretter ulike retningar på høgskole og universitet.

4.5.6 Vidaregåande til høgskole og universitet

Ålesund vgs er ein del av Campus Ålesund, saman med NTNU, Fagskolen og Norsk Maritimt Kompetansesenter, der vi også har våre undervisningslokale for Maritime fag. Skolen hadde dette skoleåret samarbeid på Campus innan fleire fagområde, mellom anna mellom HO og NTNU.

I samarbeidet og kontakten mellom Ålesund vgs og NTNU ligg det både eit gjensidig ønskje om å bruke kvarandre som ressursar, og ein ambisjon om å opne dørene til ulike studium ved universitetet for elevane på vidaregåande skole.

Utover det unike potensialet på Campus jobbar skolen systematisk og på ulike måtar med karriererettleiing, særleg inn mot Vg3.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Leining og profesjonsutvikling var eitt av to utviklingsområde i skolens handlingsplan for 2022–2023, med dette målet:

“Vi har tenlege og tydelege strukturar for samarbeid, støtte og rettleiing som fremmer delings- og læringskultur.”

Tiltaka på overordna nivå var:

1. Rigge for team ved å skolere leiargruppa og personalet i teamorganisering.
2. Organisere personalressursar i ulike team for å utvikle spesifikke fagområde og/eller løyse spesifikke oppgåver.
3. Sosiale arrangement for heile den nye skolen for å ivareta og bygge nye relasjonar.

I tillegg jobba leiargruppa med leiargruppeutvikling gjennom heile skoleåret etter denne agendaen:

1. Kva er leiing?
2. Kva leiing er det forventa at vi utøver i MRFK?
3. Kva er den beste form for leiing?
4. Kva skal kjenneteikne oss som leiarar ved Ålesund vgs?
5. Kva skal vere mål og kjenneteikn for samhandling i leiargruppa?

Gjennom det heile var teoretisk forankring, forankring i Organisasjonsstrategien og refleksjon vektlagt. Prinsipp som myndiggjorte medarbeidarar og heilskapleg leiing var sentralt i prosessen.

Arbeidet munna ut i eit policydokument med ein tilhøyrande samhandlingsavtale for leiargruppa. Avtalen blir revidert årleg, eller når nokon i leiargruppa ser behov for det.

Vi vurderer kontinuerleg leiargruppeutvikling som viktig og nødvendig, parallelt med ei kontinuerleg organisasjons- og profesjonsutvikling ved skolen.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no